



# JØLSTER KOMMUNE

## Leiargruppa

Barne og Familiedepartementet  
Postbok 8036 Dep.  
0030 Oslo

330.00

2004/04169  
19.01.2005 -558

Vår ref  
LKL 04/01499-004

Dykkar ref

Arkiv  
A10 &13

Løpenr  
000305/05

### NY LOV OM BARNEHAGELOV – FRÅSEGN FRÅ JØLSTER KOMMUNE

Jølster formannskap gjorde i møte den 18.01.05 følgjande vedtak i sak 05/05:

Fråsegn:

#### **Kap. 1: Barnehagen sitt formål og innhald.**

§1 FORMÅL: Uendra.

§2 Barnehagen sitt innhald:

Det er positivt å få ein innhaldsparagraf som gjev klare føresetnader for kva som skal vere barnehagen sitt innhald. Dette understrekar at barnehagen har trong for høgt kvalifisert personale og at det er viktig å ha pedagogar i det daglege arbeidet. Etter vårt syn kunne ein lagt *større vekt på danningprosessen i barn si utvikling.*

#### **Kap. 2: Barn og foreldre sin medverknad.**

§3 Barn sin rett til medverknad.

Det er positivt at ein impliserer FN sin barnekonvensjon i barnehagelova. Det må gjelde alle barn uavhengig av alder og funksjonsevne. *Vi foreslår difor at ein styrk siste del av forslag til lovtekst: "Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet".*

§4 Foreldreråd og samarbeidsutval. Ingen merknad.

§5 Felles samarbeidsutval for barnehage og skule. Ingen merknad.

#### **Kap. 3 Ansvar og mynde.**

§6 Godkjenningsplikt. Ingen merknad.

POSTADRESSE:  
6843 SKEI I JØLSTER

\*TELEFON:  
57 72 61 00

TELEFAKS:  
57 72 61 01

POSTGIRO:  
7878 0648936

POSTGIRO, SKATT:  
7855 0514310

BANKGIRO:  
3703.07.00024

**\*)Vi ber om at direktenummer til sakshandsamar vert brukt!**

### §7 Barnehageeigar sitt ansvar.

Støttar lovframlegget, men vi fremjar forslag på å stryke ”*som nevnt i §8 fjerde ledd*”

då vi meiner at denne lovteksten tilhører lov om kontantstøtte. Barnehagen er pliktig til å gje kommunen dei opplysningar ein treng for å føre register.

### §8 Kommunen sitt ansvar.

For å kunne følge opp tilsynet i lova, må det finnast barnehage-fagleg kompetanse på kommunenivå. I mange ”små” tonivåkommunar vart denne kompetansen rasjonalisert bort i samband med omorganiseringa av kommunane. Oppgåver som kommuneleddet skulle hatt, vert delegert til styrar/tenesteleiar eller at ingen grip fatt i dei.

Etter vårt syn har kontroll av kontantstøtta ikkje noko å gjere med kommunen sitt ansvar i høve barnehagane. Vi har framlegg til at 4. ledd vert flytta til Lov om kontantstøtte: ”*Hver kommune*

*skal opprette og føre register til bruk for trygdekontoret i forbindelse med kontroll av beregning og utbetaling av kontantstøtte etter kontantstøtteleven. Registeret kan samkjøres mot trygdekontorets register over mottakere av kontantstøtte. Departementet gir forskrifter med utfyllende bestemmelser om hva føringen av registeret skal inneholde og behandlingen av disse opplysningene*”.

### §9 Fylkesmannen sitt ansvar. *Ingen merknad.*

## **Kap. 4 Barnehagemyndet sine generelle oppgaver.**

### §10 Godkjenning:

Lova må stille vilkår for minimums bemanning, gruppestorleik, areal, opphaldstid og ved færre barn i gruppa under tre år. Kommunen bør ha rett til å stille dei krav dei finn naudsynt for å sikre kvaliteten.

### §11 Familiebarnehagar: *Ingen merknad.*

### §12 Samordna opptaksprosess i kommunen. *Ingen merknad.*

### §13 Prioritet ved opptak. *Ingen merknad.*

### §16 Tilsyn og rettleiing.

Vi ser det som positivt at ein vektlegg rettleiing som ei av kommunen sine oppgåver.

Fagleg innhald må synleggjerast og kome tydelegare fram i lovteksten. Skal ein oppnå intensjonen i innhaldsparagrafen, må ein vektlegge utvikling og fornying av barnehagane som ei av kommunen sine oppgåver.

§17 Barnehagemyndet sin rett til innsyn. *Ingen merknad.*

## **Kap. 5 PERSONALET**

### § 18 Leiing

Det er viktig at kvar barnehage har ein dagleg leiar(styrrar) for å sikre og vidareutvikle eit kvalitativt godt pedagogisk tilbod for førskulebarn. Skal barnehagen kunne oppfylle krava i §2, innhaldsparagrafen, er det naudsynt med pedagogisk kompetanse. Vi er sterkt imot at kommunen skal kunne gje varig dispensasjon frå utdanningskravet. Når lova opnar opp for at andre med høgskuleutdanning, med påbygging, kan inneha stillinga, vil det ikkje lenger vere den same trongen til å søkje dispensasjon. Vi reagerer på at tittelen styrrar vert fjerna frå lovteksten - noko av barnehagen sin identitet blir då viska vekk. *Av dei to alternativa i høyringsnotatet, er alternativ*

*B det mest tenlege for drifta av barnehagen.*

### §19 Barnehagen sitt øvrige personale.

Vi går sterkt imot å fjerne kompetansekrav i barnehagen.

### §20 Politiattest. *Uendra.*

### §21 Teieplikt. *Uendra.*

### §22 Opplysningsplikt til sosialtenesta. *Uendra.*


### §23 Opplysningsplikt til barneverntenesta. *Uendra.*

### §25 Helsekontroll av barn og personale. *Uendra.*

## **Kap. 6 Ulike vedtak.**

Kap. 7 Iverksetjing og endringar i andre lover.

Med helsing

  
Svanhild Røkenes  
Konsulent